



Over og under: Det tette bestandet ved elva er avvirkta

**Anbjørn Høivik og Margun Eik har hatt igang ein relativt stor hogst dei siste vekene og no nærmar Eikås skogsdrift seg slutten med oppdraget. Kvantumet vil ligge rundt 800 kubikkmeter og det er både gran og lerk, men mest gran.**

**Det mest synlege for vegfarande er at det vesle og tette granbestandet mellom bygdevegen og elva som heitte Peratre er borte.**

**Det er grunn til å anta at snittalderen på tømmeret som er avvirkta i området ligg på vel 60 år.**



Og apropos bestandet Peratre: Når det no er fjerna har sikten vorte mykje betre for dei som køyrer langs Kjerlandssido.og skal gjennom svingen i Leirholet.

Skogeigar Høivik har ellers eit lite hjartesukk når vi spør om ein kommentar til tømmerprisen som vert framstilt som lovande no om dagen:

**- Ein skal trass i alt ha mykje flaks for å komma ut på pluss-sida.  
Det er først og fremst samfunnet vi hogger tømmer for no!**

Også ein grunneigar på Haugland har avvirkning igang og det verkar som om interessa for å ta eit tak i skogen er aukande også i Uskedalen

Vestskog sette opp prisane på omlag alle sortiment midt i februar - med mellom 5 og 20 kroner pr.kubikkmeter - og karakteriserte prisen som **eit svært høgt nivå** samanlikna med dei siste 15 åra

Tekst, foto og NETT: Ola Matti Mathisen



Hogstmaskinen har gjort god jobb oppover i lia